


Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027

Vedteke i K-sak 061/23



Solund kommune

Innhold

Innleiing	2
Finansielle måltal.....	5
Inntekter.....	7
Om rammetilskotet frå staten.....	7
Om skatt og inntektsutjamning.....	8
Om inntekter får Havbruksfondet.....	8
Om integreringstilskot.....	9
Om eigedomsskatt	10
Om generelle statstilskot	10
Om andre inntekter (går ikkje fram av tabellane over).....	10
Utgifter	12
Drift.....	12
Stab.....	12
Oppvekst og kultur	13
Helse og omsorg.....	13
Samfunns- og næringsutvikling	14
Plan og tekniske tenester	14
Særskilte løyvingar	14
Investering.....	15
Stab.....	15
Oppvekst og kultur	16
Helse og omsorg.....	16
Samfunns- og næringsutvikling	16
Plan og tekniske tenester	18
Kommunedirektøren	20
Finansiering	21

Innleiing

Budsjett- og økonomiplanen utgjer kommuneplanen sin handlingsdel og er eit verktøy for å realisere dei måla og oppgåvane som er vedteke der. Det fylgjer av plan- og bygningslova § 10-1 at kommunestyre seinast eit år etter at det vert konstituert skal vedteke ein communal planstrategi der de tek stilling til om gjeldande kommuneplan, eller deler av den, skal reviderast. Og dette vert ein viktig oppgåve i 2024 som vil legge føringar for neste valperiode og åra etter.

I vedteke samfunnsdel er det sagt at Solund kommune skal være ein samskapingskommune der byggjarane er invitert med til å løyse dei komplekse oppgåvene kommunen står ovanfor. Vidare er tre konkrete satsingar plassert heilt sentralt i innleiinga med ny bru Ytre Steinsund, ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke, og områderegulering av sentrum på Hardbakke. Særleg satsingane knytt til ny bru Ytre Steinsund og ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke er inne i heilt avgjerande fasar og vil ha høgste priorititet i 2024.

Det er også fleire av dei andre vedteke handlingsprogramma som vert satsa på i økonomiplanen. Det vert arbeida vidare med varierte bustader og gode bukvalitetar. 2-mannsbustaden i Klubben er forventa innflyttingsklar i 1. kvartal 2024, og det vert gjennom økonomiplanperioden lagt inn 5 millionar til vidare bustadutvikling. I tillegg til konkrete løvingar knytt til Klubben, bustadfelt på Hersvik, prosjekteringskostnader til gangveg mellom Sildevika og Steinsund og fleire reguleringsplanar. Fleire av desse tiltaka vart også trekt fram av formannskapet under innspeksrunden til budsjett og økonomiplanen.

Det vert arbeida aktivt med å gjere Solund synleg, og Solund kommune har for tida inne ein trainee som arbeidar med kommunikasjon og omdømme. Det vert også satsa for god folkehelse gjennom prosjektarbeid i 2025.

Den store satsinga økonomisk i økonomiplanperioden er bygging av ny skule og nytt bibliotek. I tillegg til å vere særskilt trekt fram i samfunnsdelen går den rett inn i målprogrammet om god oppvekst. Men ein god oppvekst handlar om mykje meir enn fine bygg, og driftsramma til Oppvekst og kultur er også mellombels styrka i økonomiplanen. Det same gjeld målprogrammet god alderdom der rammene i Helse og omsorgssektoren vert styrka, og det samstundes vert bestilt ein tilstandsrapport for å kartlegge investeringsbehovet på Solundheimen.

Under innspeksrunden til budsjett og økonomiplanen etterspurde også formannskapet eigne kulturmidlar, og kommunedirektøren har frigjort midlar til formannskapet sin disposisjon for kulturformål. Kommunedirektøren kjem tilbake med retningsliner for midlane tidleg i 2024.

Det vert også arbeida med betre samferdsle og infrastruktur. I slutten av økonomiplanperioden er Ytre Steinsund bru realisert, og Solund kommune jobbar aktivt med å få mest mogleg ut av ringverknadane rundt prosjektet. Det vert også arbeida for å sikre framdrift og konkretisering av planane om å flytte ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakke. Under innspeksrunden til budsjett og økonomiplan var formannskapet også opptekne av vegløysing for Nord Solund. Kommunedirektøren foreslår ikkje å legge inn friske midlar til dette i økonomiplanen, då det allereie er satt av 400' (tusen) til formålet i gjeldande økonomiplan, men skal nytte allereie avsett løying i 2024 for å lande spørsmålet og kartlegge vidare kostnadene i 2024. Løyinga til vedlikehald av kommunale kaier er også styrka med 50' for å legge til rette for universell utforming etter innspeksrundan fra Felles eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vedteke samfunnssdel omtalar også tema som blir stadig meir relevant. Klima og naturmangfaldsplanen skal etter planen høyring i 2024, og det ligg inn 100' til analyse av brann- og redningstenesta for å fylgje opp pågåande ROS-analyse innanfor same område.

Det skal med andre ord skje mykje spanande og viktig i økonomiplanperiode og kommunedirektøren ser fram til å ta fatt på oppgåvane som venter saman med dyktige medarbeidrarar og samarbeidspartnarar.

Finansielle måltal

Kommunelova § 14-2, bokstav c. slår fast at kommunestyre skal vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien i kommune. Solund kommune, har til liks med dei fleste andre kommunar, hatt tradisjon for å vedta måltal knytt til netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond. Ser ein disse indikatorane under eitt får ein eit godt overblikk over kommuneøkonomien. Det er i utgangspunktet lett å få dei andre indikatorane til å sjå bra ut med å forsømme den tredje. Til dømes at ein aldri sett av på disposisjonsfond, og på den måten får godt netto driftsresultat og god netto lånegjeld. Ein kommune som gjer det vil klare seg fint heilt til den møter utgifter den ikkje hadde rekna med som det ville vore naturleg å dekke frå eit disposisjonsfond.

Statsforvaltaren vurderer kvart år budsjett og økonomiplanen til kommunane. Under fylgjer dei avsluttande avsnitta frå vurderinga av budsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026:

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen bør vurdere dei frie inntektene i budsjettet nærmare etter at revidert nasjonalbudsjett er lagt fram.

Lånegjelda er på eit høgt nivå og kjem til å auke ytterlegare som følgje av skuleinvestering. Denne investeringa er viktig for kommunen og vil bidra positivt til utviklinga framover. Når skuleinvesteringa er gjennomført, må lånegjelda bli gradvis redusert over tid. Det er viktig at kommunen i berre svært liten grad tek opp lån til andre føremål enn skuleinvesteringa i år og i åra framover. Kommunen må også vere førebudd på større netto renteutgifter i dei nærmaste åra.

Høge inntekter frå Havbruksfondet har vore grunnlag for å setje av midlar på disposisjonsfond. Kommunen har no eit stort disposisjonsfond. Kommunen bør vurdere å bruke av disposisjonsfond til å dempe lånegjelda. Disposisjonsfond på mellom 10 prosent og 15 prosent av driftsinntektene kan vere tilstrekkeleg stort.

Kommunedirektøren vil spesielt trekke fram dei to siste avsnitta. Solund kommune har høg lånegradsgrad og eit stort disposisjonsfond. Bygginga av nytt skule og bibliotek kjem også samstundes med eit rentenivå som er betrakteleg høgare enn for berre få år sida. Dette gjev Solund kommune betydelege finanskostnader dei neste åra. Kommunedirektøren tilrår difor å nytte så mykje av disposisjonsfondet som mogleg til å betale ned lån i økonomiplanperioden og åra som følgjer. Bygging av ny skule og bibliotek er ein stor investering for Solund kommune og kommunedirektøren tilrår difor at ein i perioden investeringa vert tatt må leve med et disposisjonsfond i nedre del av tilrådinga frå Statsforvaltaren, altså 10 %. Då inntektene frå auksjonane til havbruksfondet har så stor innverknad på driftsinntektene til Solund kommune tilrår kommunedirektøren å sikte på eit snitt mellom eit vanleg år og eit auksjonsår. Det vil for 2024 seie 10.379'.

Samstundes er det vedteke å bruke mykje pengar frå disposisjonsfondet til å bygge skule og nytt bibliotek, så nedbetalinga av gjeld må sjå til betalingsplanen for skulen. Betalingsplanen er ikkje klar endå, så det kan kjem endringar i oppsettet under for åra 2024 og 2025, men planen per i dag følgjer av tabellen under. Tabellen synar ikkje nedbetalingar i neste økonomiplanperiode, men synar korleis det absolutt vil vere rom for å halde fram med nedbetaling av gjeld også då.

	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
Ved inngang	50.763'	26.993'	6.628'	14.664'	9.599	22.635	17.570'	30.606'
Netto avsetnad	10.900'	-6.440'	13.036'	-5.065'	13.435	-5.065'	13.435'	-5.065'
Til skule	-36.410'	-15.000'						
Nedbetaling av gjeld	-2.000'		-5.000'		?		?	

Mot slutten av gjeldande økonomiplanperiode, og inn neste, kan det altså gjerast betydeleg nedbetaling av gjeld samstundes som ein opprettheld eit sunt disposisjonsfond. Gode innskotsrenter kombinert med eit høgt disposisjonsfond gjer at renteinntektene i dag er gode. Innsparingar på rentekostnadane forsvinn i tapte renteinntekter når midlar som elles hadde stått på bok vert nytta til å betale ned gjeld. Men ein vil derimot merke ein god effekten på posten for avdragsbetaling.


I tillegg ligg det i statsbudsjettet inne ein rentekompensasjonsordning til skulebygg som gjer skolekvardagen meir praktisk og variert. Detaljane i den er framleis ikkje kjent, så kommunedirektøren har ikkje budsjettert med inntekter her sjølv om dei truleg kjem. Om ein nyttar midlar frå disposisjonsfondet til å nedbetale gjeld vil ein i lag med rentekompensasjonsordninga frigjere midlar til andre behov i budsjettet.

Det gjev følgjande finansielle måltal for økonomiplanperioden. Måltala for Solund vert i stor grad påverka utbetalingane frå Havbruksfondet, og ein ser store svingingar mellom åra med og utan auksjonsinntekter. Det er difor viktig å sjå heile økonomiplanperioden under eitt. Både lånegjelda og disposisjonsfondet syner tydeleg investeringar i ny skule og nytt bibliotek som vert gjort i 2024 og 2025 og nedtrappinga i resten av økonomiplanperioden. Tabellen over som synar utvikling i disposisjonsfondet gjer kommunedirektøren trygg på at ein inn i neste økonomiplanperiode kan få både netto lånegjeld og disposisjonsfondet til eit ynskje nivå og tilrår difor ikkje omfattande kutt før ein er over den kneiken.

	2024	2025	2026	2027
Netto driftsresultat	10.97 %	-6,22 %	13,87 %	- 4,88 %
Netto lånegjeld	147 %	179 %	149 %	171 %
Disposisjonsfond per 31.12	23 %	7 %	13 %	10 %

Inntekter

Solund kommune får inntektene sine fra fleire kjelder. I 2024 er det forventa 117.4 millionar i inntekter fordelt som følgjer:



Rammetilskot frå staten	56.052'	47,7 %
Skatt og inntektsutjamning	28.842'	24,6 %
Havbruksfondet	26.500'	22,6 %
Integreringstilskot	3.770'	3,2 %
Egedomsskatt	1.800'	1,5 %
Generelle statstilskot	475'	0,4 %
Totalt	117.439'	

Om rammetilskotet frå staten

Den største inntektskjelda til Solund kommune er rammetilskotet frå staten. Desse er i stor grad knytt til demografi. 22.791' av dei kjem som innbyggjartilskot, og 24.751' av dei kjem på bakgrunn av utgiftsutjamning. Innbyggjartilskotet er eit flatt tilskot alle kommunane får per innbyggjar. I 2024 er det på 29.832. Utgiftsutjamninga bereknar kommunane sine utgifter på bakgrunn av demografi. Her ser ein på alt frå alderssamsetning til ganske sensitive kategoriar knytt til helse og inntekt. Då enkelte av dei sensitive kategoriene gjeld få personar i Solund kan det fort bli synleg kven det gjeld. Kommunedirektøren går difor ikkje nærmare inn på dei tala i saksutgreiinga, men under fylgjer oversikten over endringane som skuldast alderssamsetninga. Siste kolona syner kor mykje det vil seie i 1000 kr.

SOLUND	Antall	Utgifts-beho	Pst. utslag	Bruk av folketall 1.7.2023			Endring fra foregående år 1000 kr
				Tillegg/ fradrag i utgiftsutj	kr per innb	1000 kr	
0-1 år	11	0,7409	-0,15 %	-98	-75		-16,7
2-5 år	27	0,8566	-1,93 %	-1 255	-958		828,3
6-15 år	71	0,7950	-5,18 %	-3 362	-2 569		725,6
16-22 år	63	0,9953	-0,01 %	-7	-6		65,4
23-66 år	390	0,8871	-1,22 %	-792	-605		-238,0
67-79 år	147	1,6234	3,77 %	2 448	1 870		343,0
80-89 år	44	1,5471	4,41 %	2 862	2 186		-302,3
over 90 år	11	1,7238	2,92 %	1 893	1 446		722,8
Basistillegg	1,0000	26,2482	41,15 %	26 706	20 404		1 301,0

For å gje føreseielege rammar er det demografien per 1. juli året før som vert nytta når ein bereknar rammetilskotet. Det var altså demografien i Solund 1. juli 2023 som styrar kva Solund kommune får i rammetilskot for 2024. I alt var vi 764 i Solund 1. juli 2023. Det var 6 meir enn 1. juli 2022. Samla sett gjev demografisamsetninga til Solund 24.751' i inntekter. Kommunar med ein mindre kostbar demografi må her gje frå seg midlar. Demografiendringane frå 1. juli 2022 til 1. juli 2023 er også mykje av grunnen til at Solund kommune sine inntekter auka mykje frå 2023 til 2024.

Utgiftsutjamninga auka med 12.7 %. Når ein tek høgde for løns- og prisvekst utgjer det vel 1.800'.

Om skatt og inntektsutjamning

Det er budsjettert med 28.842' frå skatt og inntektsutjamning. 27.297' av dei er skatteinntekter. Dette er kommunen sin del av skatteinntektene frå innbyggjarane i Solund. Fordi skattegrunnlaget er veldig ulikt i kommunane er det laga eit system for å utjamne skatteinntektene mellom kommunar med god og kommunar med dårlig skatteinngang. Det gjev Solund dei resterande 1.545'. Skatteinntektene er usikre då dei vert påverke av økonomien nasjonalt og lokalt gjennom året. Kommunestyre har difor moglegheit til å budsjetttere med anna skatteinngang enn det som her er berekna, men kommunedirektøren tiltrer å nytte anslaget frå KS.

Om inntekter får Havbruksfondet

Som vertskommune for havbruk får Solund kommune inntekter frå Havbruksfondet. Fondet vart oppretta av Stortinget i 2015 og har vore gjenstand for ein del politisk drakamp sidan den gang med nye og endra inntektskjelder som grunnrenteskatt og produksjonsavgift. 6.500' av dei budsjetterte 26.500' kjem frå produksjonsavgifta. Dette er rimeleg sikre inntekter som kjem kvart år så lenge det går fisk i merdane langs norske kysten.

20.000' er forventa inntekter frå havbruksauksjonar basert på eit litt lågare auksjonsnivå enn snittet frå dei to siste ordinære auksjonsrundane. Annakvart år auksjonerer Nærings- og fiskeridepartementet bort produksjonskapasitet til havbruksnæringa, og inntekta vert delt mellom staten og dei kommunane og fylkeskommunane som er vertskap for havbruk. Uavhengig av kor den auksjonerte produksjonskapasiteten ligg. Dette har gjeve Solund kommune store inntekter dei siste åra, og på kort sikt er også dette trygge inntekter. Men produksjonskapasiteten kan ikkje vekse for

evig, og på eit eller anna tidspunkt vil auksjonsinntektene minke og Solund kommune må budsjettere med dette i tankane.

Samstundes vil Solund kommune sin del av Havbruksfondet auke om nye havbrukslokaliteter vert teke i bruk i kommunen. I vedteke arealdel ligg det 4 nye lokalitetar inn som for tida er til handsaming hos sektormyndighetene. Kommunedirektøren vurderer det som meir sannsynleg at nokre av disse vil bli godkjent og teke i bruk i løpet av økonomiplanperioden, enn at auksjonsinntektene går ned. Men då det er uvisst når eventuelle nye lokalitetar vert teke i bruk tilrår ikkje kommunedirektøren å budsjettere med auka inntekter grunna det på noverande tidspunkt.

Då det er auksjonar annakvart år kjem altså dei store inntektene også annakvart år. Tek ein vekk auksjonsinntektene neste år hadde inntektene frå Havbruksfondet utgjort 6,7 % av Solund kommune sine frie inntekter, mot dei 22,6 % som er budsjettet med i dag. Takka være Havbruksfondet har Solund kommune kunne satt av mykje pengar på eit såkalla disposisjonsfond i auksjonsåra. Dette er eit fond kommunestyre disponerer og som for tida er på ca. 45.000'. Men kor det er planlagt vesentleg forbruk i 2024 og 2025 for å finansiere ny skule og nytt bibliotek. Samstundes er det forventa friske midlar på grunn av tilleggsauksjon i 2023 og ordinær auksjonar i 2024. Dei åra det ikkje er auksjoner har kommunen måtte hente pengar frå disposisjonsfondet for å vere i balanse.

Dei tidlegare budsjetterte avsetnadane baserer seg på svært konservative anslag. På bakgrunn av snittet dei siste to auksjonsåra anslår kommunedirektøren 20.000' i inntekter frå Havbruksfondet i 2024. I vedteke økonomiplan ligg det inn 13.000'. Dette gjev på sikt moglegheit til vesentleg høgare avsetnader enn det som er vedteke i dag, og nedbetaling av gjeld. Statsforvaltaren tilrår eit disposisjonsfond på mellom 10 og 15 % av driftsinntektene. Tek ein snittet mellom eit år med auksjonar og eit vanleg år betyr det at Solund kommune bør ha mellom 10.500' og 16.000' på disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren tilrår difor å nytte dei ekstraordinære auksjonsinntektene, og neste års avsetnad, til å nedbetale gjeld slik at ein kan flytte midlar frå betjening av finanskostnader og inn i den ordinære drifta. På sikt vil dette frigje vesentlege midlar til andre formål enn finanskostnader. Samstundes vil ein ha ein buffer til den dagen auksjonsinntektene snur. Solund kommune vil då kunne nytte tida det tek å bygge seg opp nye finanskostnader til å områ seg.

[Om integreringstilskot](#)

Både inntektssida og utgiftssida vert budsjettet ut ifrå dei personane Solund kommune har busett per i dag . Om det kjem fleire flyktningar vil både utgiftene og inntektene auke, og det vil bli handtert i budsjettjusteringssaker gjennom året.

1.341' av integreringstilskotet vert nytta av Flyktingtenesta med flyktningkoordinator i 60 % stilling og introduksjonsstønad til flyktningane. Dei resterande 2.400' vert nytta i Oppvekst og kultur, særleg til særskilt norskopplæring i skulen.

Om eigedomsskatt

Solund kommune har eigedomsskatt på faste eigedommar, men ikkje verk, bruk eller anna næringseigedom. Satsen er per i dag på 2 promille, halvparten av det maksimalt tillata. Kommunestyre skriv ut eigedomsskatten kvart år i samband med handsaminga av budsjettet og økonomiplan.

Det fylgjer av eigedomsskattelova § 8 A-3, 2. ledd, 2. punktum at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Takseringa i Solund kommune er frå 2013, med verknad frå 2014, så det skal gjennomførast allmenn taksering i 2023 med verknad for 2024. Kommunestyre har høve til å utsette retakseringa i 3 år til, men kommunedirektøren ser ingen grunn til å tilrå det.

Det er verdt å merke seg at ny taksering berre får verknad for eigendommane der kommunale takst vert nytta for utskriving av eigedomsskatt. Dei fleste bustader får eigedomsskatten satt ut ifrå formuesgrunnlaget til Skatteetaten. Då Skatteetaten oppdaterer berekna marknadsverdi årleg har eigedomsskatten også gradvis blitt oppjustert for desse eigendommane. For dei fleste fritidseigedommer har taksten som skattetakstenemnda vedtok for 2014 derimot stått uendra.

Eigedomsskattelova § 8 A-4 opnar for å gjennomføre ein kontorjustering av taksten i staden for ny allmenn taksering. Kommunestyre sett då ein prosentsats som taksten skal aukast med som ikkje kan overstige 10 % av den opphavlege taksten. Kommunedirektøren tilrår å gjennomføre ein kontorjustering. Anna taksering vil vere tidkrevjande, og då det berre gjeld fritidseigedommar i kommunen vil takseringa i liten grad føre til auka inntekter.

Då taksten ikkje har vore justert på 10 år tilrår Kommunedirektøren å justere med maksimalt tillat sats. Verdiveksten for same periode vil for dei aller fleste eigendommane vore langt høgare. Det fylgjar vidare av eigedomsskattelov § 8 A-2, 1. ledd at takstnivået ikkje kan overstige omsetningsnivå for eigedommen. Dette gjev ein sikkerheitsventil for å, etter klage, fange opp eventuelle eigedommar som har falt i verdi grunna forfall.

Om generelle statstilskot

Generelle statstilskot er i dag i praksis ulike rentekompensasjonsordningar. For 2024 utgjer det mindre summer for Solund kommune, men om den nye skulen kjem under føreslegen rentekompensasjonsordning for praktisk og variert læring kan det bli betydeleg meir midlar her.

Om andre inntekter (går ikkje fram av tabellane over)

I tillegg til inntektene over har Solund kommune andre inntekter som eigenbetalingar, gebyr, finansinntekter og utbytte. Eigenbetalingane og gebyra er stort sett knytt til område der det vert stilt krav om sjølvkost. Det vil seie at innbetalingane frå innbyggjarane ikkje skal overstige det tenesta kostar å leve. Kommunestyre vedtek gebyrsatsane i ein eige sak.

Finansinntektene er for Solund vesentleg lågare enn finanskostnadane. For 2024 reknar kommunedirektøren med 2.000' i inntekter, samstundes som det skal betalast 7.390' i avdrag og 9.072' i renter.

Bygging av ny skule sett i samanheng med disposisjonsfondet til Solund kommune gjev moglegheit til å betale ned gammal gjeld med midlar frå disposisjonsfondet og ta opp nye lån med betre vilkår knytt til skulen.

Solund kommune eig kraftaksjar i Eviny (tidlegare BKK) og Sogn og Fjordane Holding (som igjen eig aksjar i Sogn og Fjordane Energi). Det er forventa 3.800' samla sett frå desse to selskapa.

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sum rammetilskot	-56 052	-56 052	-56 052	-56 052
Sum skatt og inntektsutjamning	-28 842	-28 842	-28 842	-28 842
Sum andre generelle statstilskot	-475	-475	-550	-550
Eigedomsskatt	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
Integreringstilskot busette flyktningar	-3 770	-2 575	-1 525	-775
Inntekter statleg Havbruksfond - produksjonsavgift	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500
Inntekter statleg Havbruksfond - auksjonar	-20 000		-20 000	
Sum frie disponibele inntekter	-117 439	-96 244	-115 269	-94 519
Netto finansutgifter/inntekter	9 722	10 902	10 552	10 752
Netto avsetnader	9 936	-5 865	13 036	-5 365
Sum overført til investering	2 950	450	2 950	450
TIL FORDELING DRIFT	-94 832	-90 757	-88 732	-88 682

Utgifter

Utgiftene er fordelt på ulike sektorar og ansvarsområde. For nærmare innblikk i kva som ligg i den daglege drifta hos dei ulike sektorane tilrår kommunedirektøren at ein ved høve leser [årsmeldinga 2022](#) og [siste tertialrapport](#). Oversikten som fylgjer fokuserer på dei overordna tala, og endringane frå vedteke økonomiplan. Om ein berre ser på det går ein glipp av mykje av det gode arbeidet som vert gjort i kommuneorganisasjonen.

Utgiftene er delt mellom drifts- og investeringsutgifter. Driftsutgiftene er dei daglege utgiftene som går til løn, tenestekjøp, utstyr m.m. Investeringsutgiftene er knytt til varige faste einedeler som Solund kommune eig.

Alle oppgitte tal er netttotal. Det vil seie at eventuelle inntekter på eit område går til fråtrekk i utgiftene når vi sett opp ramma. På enkelte område er inntektene vesentlege, og tidvis går område i 0 eller pluss. Det kan sjå kunstig ut, men skuldast gjerne ekstern finansiering eller høge inntekter. Ein av dei viktigaste gjennomgåande inntektene er momskompensasjon.

Drift

Stab

		ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
	Sektor Stab - 100 serien	15 648	14 848	14 798	14 448
100	Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.	12 528	12 628	12 578	12 628
120	Fjordane Friluftsråd	150	150	150	150
130	Bustadforvaltning	-913	-913	-913	-913
150	Flyktningkoordinator	1 300	400	400	0
180	Andre særskilde utg / innt	-50	-50	-50	-50
190	Solund Sokneråd	2 633	2 633	2 633	2 633

Ansvarsområde er i hovudsak justert med løns- og prisvekst, samt ein allereie vedteke justering av lønsnivå som følge av retrettstilling til tidlegare administrasjonssjef og lønsnivået til ny kommunedirektør.

Utgiftene til flyktningkoordinator og introduksjonsstønad ligg også til sektoren under ansvar 150. Der er det per i dag budsjettet for dei som allereie er busett i Solund kommune, og med utfasing etter kvart som integreringstilskotet for dei fell bort.

Busett Solund kommune fleire flyktningar får ein auka utgifter, men også auka inntekter i form av integreringstilskot. Perioden ein får integreringstilskot vert også lengre. Solund kommune er oppmoda av IMDi til å busetje 35 flyktningar i 2024. Kommunedirektøren kjem tilbake med sak om dette på nyåret, men 35 verker i utgangspunktet som eit høgt tal.

Fjordane friluftsråd skal ut som eige rettssubjekt, men ligg att med ein medlemskostnad. Solund kommune kjem truleg også til å selje rekneskaps og lønstenester til Fjordane Friluftsråd slik at nettokostnaden kan bli noko lågare.

Oppvekst og kultur

		ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
	Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	29 310	27 910	27 360	27 360
200	Solund barnehage	6 970	6 420	6 420	6 420
210	Solund barne- og ungdomsskule	15 635	14 385	13 835	13 835
220	Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur	3 349	3 749	3 749	3 749
230	Kultur	339	339	339	339
240	Bibliotek	624	624	624	624
250	Solund kulturskule	1 318	1 318	1 318	1 318
260	Ungdomsråd og ungdomssatsing (tidl. 100,804)	150	150	150	150
280	Barnevern (tidl. 380)	925	925	925	925

I vedteke økonomiplan er ramma til både barnehagen og barne- og ungdomsskulen oppjustert som følgje av utgifter knytt til busetjing av flyktningar. Det var opphaveleg også vedteke å ta ut desse midlane i 2024, men situasjonen tilseier ikkje at dette er mogleg. Kommunedirektøren tilrår i staden å styrke ansvarsområda ytterlegare i 2024, for å så trappe ned frå 2025.

Stortinget har vedteke nye maksprisar for både SFO og barnehagen og ansvarsområda må difor styrkast permanent for å dekke tapte inntekter.

Ein styrking av kulturskulen som allereie er vedteke i økonomiplanen ligg også inne. Heile sektoren med unntak av barnevernet er også justert for løns- og prisvekst. Solund kommune er med i eit interkommunalt barnevern og legg til grunn kostnadane dei har spilt inn.

Helse og omsorg

		ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
	Sektor Helse og omsorg - 300 serien	32 165	31 315	31 315	31 315
	Helsestester m.m.	7 003	6 203	6 203	6 203
	Helsestasjonsteneste / skulehelsehelsestester	964	964	964	964
	Psykisk helse og Psykolog	849	849	849	849
	Rusomsorg og psykiatri	0	0	0	0
	Pleie- og omsorg	19 247	19 197	19 197	19 197
	Avdelingsleiar Solundheimen	517	517	517	517
	Avdelingsleiar heimebaserte tenester	260	260	260	260
	Kjøkensjef	461	461	461	461
	Kommunal reinhaldsavdeling (tidl.100,200,210,220,410)	2 864	2 864	2 864	2 864

Det er vakans i eine legestillinga og kommunedirektøren tilrår å stryke legetenesta med 800 mellombels fram til ein veit kva den varige løysinga vert for vakansen. Dette skal dekke eventuelle meirkostnader ut mai, og kommunedirektøren kjem tilbake til den varige kostnadsauken i budsjetttrulleringa i juni.

Drifta av Solundheimen og heimetenesta må også styrkast permanent. Det må inn 1.000' for å dekke dagens løinsnivå, og all demografi tilseier at det ikkje vert mindre behov der med tida. Elles er sektoren berre løns- og prisjustert.

Samfunns- og næringsutvikling

		ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
	Sektor Samfunns- og næringsutvikling - 400 serien	5 942	5 892	5 892	5 892
400	Samfunns- og næringsutvikling (tidl. 110)	3 780	3 730	3 730	3 730
420	Leiar frivillegsentral	508	508	508	508
430	Gjenbruket	357	357	357	357
440	Folkehelsearbeid	522	522	522	522
480	NAV Solund (tidl. 300)	775	775	775	775

Sektoren er i hovudsak løns- og prisjustert. Det er auka statlege satsar på sosialhjelp, så NAV er av den grunn fått litt. Mykje aktivitet på sektoren er finansiert gjennom eksterne prosjektmidlar og synast ikkje i eit tabelloppsett som dette. Sektoren har omtrent like mange tilsette som i Staben, men når ein ser på nettoløyvingane kan Staben virke 3 ganger så stor.

Plan og tekniske tenester

	Sektor Plan og tekniske tenester - 600 serien	9 567	9 567	9 467	9 467
600	Tekniske- og sjølvkosttenester	2 569	2 569	2 569	2 569
610	Byggesak, plan, landbruk, m.m.	1 099	1 099	1 099	1 099
620	Bygg og anlegg	5 847	5 847	5 747	5 747
630	Vaktmeister	52	52	52	52

Også Plan og tekniske tenester er i hovudsak løns- og prisjustert i drifta. Samstundes har dei det desidert flest prosjekt på investeringssida, og gjennomgangen av investeringsdelen syner betre planlagt aktivitet i sektoren.

Særskilte løyvingar

		ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
800	Tilleggsløyvingar - Kommunestyre	800	500	0	0
	Eigendel ny breibandsatsing (tilskot 5,74 mill.)	800	500		
801	Tilleggsløyvingar - Formannskap	400	400	400	400
	Rest til fri disposisjon	200	200	200	200
	Kulturmidlar	200	200	200	200
802	Tilleggsløyvingar - Ordførar	50	50	50	50
	Rest til fri disposisjon	50	50	50	50

Det ligg ein del særskilte løyvingar til politisk nivå. Det er ein allereie vedteke eigenandel for breibandsatsing som ligg til kommunestyre, samt litt fire midlar til formannskap og ordførar. I tillegg har kommunedirektøren foreslått å legge inn 200' i kulturmidlar til formannskapet etter innspeksrunden i budsjett og økonomiplanarbeidet.

803	Tilleggsløvingar - Kommunedirektøren	450	-225	-1 050	-750
	Til Personaltiltak	100	100	100	100
	Til Arbeidsmiljøtiltak (sjå også investering)	50	50	50	50
	Beredskapsarbeid	50	50	50	50
	Til Lærlingar / Trainée	250	250	250	250
	I påvente av rentekompensasjon og utbetalingsplan ny skule		-675	-1 500	-1 200
804	Tilleggsløvingar - Samfunns- og næringsutvikling	500	500	500	500
	Frå tilleggsløvingar ansvar 803 - Sommarjobbar 13-17 år	200	200	200	200
	Frå tilleggsløvingar ansvar 801 - Heilårsbasert reiseliv	100	100	100	100
	Frå tilleggsløvingar ansvar 801 - Strategisk handlingsplan	100	100	100	100
	Frå tilleggsløvingar ansvar 800 - Fri disposisjon	100	100	100	100
	Til Synleggjering og tilrettelegging næringsutvikling (1,8 mill.)	600	600		
	Tilskot til næringsutvikling (-0,9 mil.)		-300	-300	
	Matchingsmidlar frå Utviklingsfondet (-0,9 mill.)		-300	-300	

Også kommunedirektøren har ein del særskilte løvingar. Dei er oppdelt mellom dei som er rette mot eigne tilsette (803), og dei som er meir eksternt retta (804). For å kome i balanse til år kommunedirektøren å sløyfe eigne løvingar til kompetanseheving og integreringsarbeid. I tillegg vert det lagt inn uspesifiserte kutt som kommunedirektøren får ansvar for. Det er som tidlegare nemnt ikkje lagt inn rentekompensasjon, og både utbetalingsplanen til ny skule og rentevilkåra på låna er oppsider kommunedirektøren ynskjer meir oversikt over før ein set i gong med eventuelle kutt.

Investering

Også i investeringsbudsjettet er prosjekta fordelt per sektor. Men som kjem tydeleg fram av tabellane vert det jobba mest frå Plan og tekniske tenester med investeringane, også mot andre sektorar. Også samfunns- og næringsutvikling har ansvar for mange investeringsprosjekt. Dei største prosjekta er samla på kommunedirektøren.

Tabellane under syner kva kommunedirektøren foreslår vidare i økonomiplanperioden, og kva som er att frå tidlegare løvingar. Solund kommune pleier å overføre unytte løvingar frå eit år til det neste når endeleg rekneskap er kjent på nyåret. Ein del prosjekt vil både ha restløving frå tidlegare år og ligge inn med friske midlar i løpet av økonomiplanperioden. Skal ein sjå totalkostnaden i dei prosjekta må ein difor sjå begge tabellane ved sida av kvarandre.

Stab

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sektor STAB				
Oppgraderingar FØYS / Digital fornying	200 000	200 000	200 000	200 000
Arbeidsmiljøtiltak	50 000	50 000	50 000	50 000

Sektor STAB	Rest 15/11
System for Kvalitetssikring rutinar	55 313
Varmeløysing Fjernarkiv (lukke avvik)	198 674

Oppvekst og kultur

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sektor OPPVEKST OG KULTUR				
Inventar og utstyr Oppvekst og Kultur	150 000	150 000	150 000	150 000
Inventar og utstyr skule	350 000	200 000	200 000	200 000
Nytt musikkutstyr Oppvekstsektoren		168 982		
Nytt utlånssystem bibliotek		100 000		

	Rest 15/11
Sektor OPPVEKST OG KULTUR	
Ny læreplan - innkjøp av lærebøker	128 861
Ny læreplan - innkjøp av lærebøker	200 000

Helse og omsorg

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sektor HELSE- OG OMSORG				
Velferdsteknologi	200 000	200 000	200 000	200 000
Inventar og utstyr helse- og omsorg	250 000	250 000	250 000	250 000
Uteområde / Dagsenter / Aktivitetsarena		860 000		
Nytt Dagsenter	100 000			

	Rest 15/11
Sektor HELSE- OG OMSORG	
Reinhaldsutstyr kommunale bygg	93 534
Drivhus Dagsenter	30 000
Uteområde / Dagsenter / Aktivitetsarena	90 000
Uteområde / Dagsenter / Aktivitetsarena	50 000

Samfunns- og næringsutvikling

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sektor SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING				
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	500 000			
Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	200 000	200 000	200 000	200 000
Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	200 000	1 200 000		
Innovasjonshus forprosjekt (300')				
Solund Næringsbygg - forprosjekt	200 000			
Forprosjekt nytt Servicebygg Hardbakke hamn				100 000
Utvikling tomtefelt.	300 000	300 000	300 000	300 000
Utbetring Ytre Solund Fleir brukshus	300 000			

	Rest 15/11
Sektor SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING	
Tursti Sognesjøhytta (kommunal eיגendel)	276 511
Kulturvandring (spelemedilar)	300 000
Utviding diskgolfbane (spelemedilar / private tilskot)	61 651
Tursti Ramnenipa - nettoløyving (spelemedlar)	900 000
Tursti Ramnenipa - nettoløyving (private tilskot)	500 000
Tursti Ramnenipa - nettoløyving (Gamle turstifond m.m.)	250 000
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	24 770
Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	525 000
Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	200 000
Skilting	156 103
Inventar og utstyr BUA	100 000
Sikkerheitstiltak - utgang og borgarmottak / samtalerom	200 000
Hamneområde (sal av eigedom)	380 000
Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	249 301
Reguleringsplan Hardbakke hamn / sentrum	500 000
Reguleringsplan Valen / Langhaugen	500 000
Planlegging Helikopterlandingsplass	100 000
Utvikling Næringsareal	250 000
Fiskerihamn	100 000
Veg / kai Sjøneset (inkl. reg.plan) / Nord Solund vel	99 900
Reguleringsplan Kråkesundet	300 000
Utvikling tomtefelt.	300 000
Utvikling tomtefelt..	100 000
Ny trafo knytt til bru	200 000
Bru Ytre Solund (bunde inv.fond)	14 592

Plan og tekniske tenester

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER				
<i>Prosjekt mot Stab m.m.</i>				
Nytt toalett 3.høgda		200 000		
Kommunehus - Kontor 3.høgda		150 000		
Kommunehus - Altan aust		50 000		
Ventilasjonsanlegg 3. og 4. høgda kommunehus		750 000		
Ventilasjon 1. høgda kommunehus				
Utskifting tak gml. Bankbygg		500 000		
Utskifting vindauge gml. Bankbygg		400 000		
Oppgradering underetasje (ventilasjon+vindauge+varmepumpe)		350 000		
<i>Prosjekt mot Oppvekst og kultur m.m.</i>				
Barnehage - sykkel- og utsyrsbod	50 000			
Ny Klormaskin (150.000) Basseng	150 000			
<i>Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.</i>				
Ny frys og kjøl Solundheimen (bruk av ub.inv.fond)	600 000			
Vegger bad pasientrom	200 000			
Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	750 000			
Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	200 000			
Tilstandsrapport Solundheimen	250 000			

Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER				
<i>Andre prosjekt</i>				
Kaihus Krakhella - opprustning	50 000			
Trefelling sildevika	150 000			
Oppgradering og rassikring kommunale vegar	2 050 000	350 000	350 000	350 000
Utbedring Klubben.	2 000 000			
Trafikksikring Solneset - Trygg skuleveg - bruk av lån	250 000	250 000	250 000	250 000
Trafikktryggingstiltak - tilskot	250 000	250 000	250 000	250 000
Prosjektering vei Losna.	100 000			
Oppgradering kaiar	150 000	150 000	150 000	150 000
Geovekstprosjekt	100 000	100 000	100 000	100 000
E-byggesak	100 000			
Adresseprosjekt	250 000			
Brannsyn	50 000	50 000	50 000	50 000
Beredskapsanalyse	100 000			
Veglys - utskifting til LED	150 000			
Oppgradering alle vassverk	500 000		1 000 000	2 375 000
Avlaupsanlegg Hardbakke - forprosjekt / rapport		1 000 000		
Overtaking pumpestasjon Sildevika	50 000			
Forprosjekt renovasjon kommunale bygg og anlegg Hardbakke	100 000			

Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER	
<i>Prosjekt mot Stab m.m.</i>	
Moglegheitsstudie / planlegging framtidig Kommunehus	50 000
<i>Prosjekt mot Oppvekst og kultur m.m.</i>	
Barnehage - Nytt gjerde og port	289 258
Barnehage - sykkel- og utstyrsbod	250 000
Barnehage - stellerom	100 000
Solskjerming Barneskule / barnehage (mot vest)	59 878
Sportsdekke idrettshallhall	17 936
Mobile golvplater til underlag arrangement	50 000
Golvfliser, basseng og barfotgang*	50 000
Badstu / Nytt ventilasjonsanlegg garderobar Solund idrettsbygg	19 340
Badstu / Nytt ventilasjonsanlegg garderobar Solund idrettsbygg	450 000
Utskifting tak Idrettsbygg (lekkasje)	19 511
Ny Klormaskin (150.000) Basseng	
<i>Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.</i>	
Fjerning av gammelt pasientvarslesystem	156 785
Oppgradering varmestyringsanlegg kommunale bygg	247 649
Oppgradering varmestyringsanlegg kommunale bygg	524 250
Vegger bad pasientrom	0
Solundheimen, betong yttervegg sør	100 000
Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	-299 044
Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	750 000

	Rest 15/11
Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER	
Andre prosjekt	0
Kaihus Krakhella - opprusting	161 360
Sognesjøhytta oppgradering	50 000
Sognesjøhytta oppgradering (bruk av ub.inv.fond)	23 142
Oppgradering kai Hersvik	100 000
Oppgradering kaiar	100 000
E-byggesak	100 000
Adresseprosjekt	208 959
Veglys - utskifting til LED	231 629
Veglys - utskifting til LED	150 000
Kommunale bygg - utskifting til LED	251 740
Kommunale bygg - utskifting til LED	168 302
	0
Oppgradering alle vassverk	466 679
Oppgradering alle vassverk	500 000
Oppgradering vassverk	-21 987
Digitalt leidningskart	121 455
Hovudplan vassforsyning	188 000
Avlaupsanlegg Hardbakke - forprosjekt / rapport	208 532
Avlaupspumpestasjonar - automatisering og overvaking	250 000
Utskifting av pumper avlaupstasjonar	232 921
Nytt høgdebasseng Hardbakke - forprosjekt	50 000

Kommunedirektøren

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
KOMMUNEDIREKTØR				
Båthamn Klubben - klargjere sjøtomtar for sal (500')				
Nye (gjennomgangs)bustader (overf. frå drift)	2 500 000	0	2 500 000	0
Prosjektløn	20 390 000			
Tilskot til bibliotek (frå netto til bruttoløyving)				
Ny skule m/bibl. (disp.fond)		15 000 000		
Inv.tilskot Solund Sokneråd	150 000	150 000	150 000	150 000
Gjerde rundt gravplass Straumen og nye kyrkjespír				
Gravplass - drenering og utskifting jord			1 400 000	

	Rest 15/11
KOMMUNEDIREKTØR	0
Båthamn Klubben - klargjere sjøtomtar for sal (500')	0
Nye utleiegebustader sentrum (utviklingsfond)	2 411 601
Utvikling Hersvik tomtefelt	3 000 000
Vedlikehaldsutstyr Idrettspark	74 173
Ny skule inkl. bibliotek (lån)	
	33 718 378
Prosjektløn	
Tilskot til bibliotek (frå netto til bruttoløyving)	1 094 000
Ny skule m/bibl. (disp.fond)	5 920 180
Ny skule m/bibl. (ubunde inv.fond)	10 000 000
	0
Planlegging felleslager - skulemusikk m.fl.	100 000

Finansiering

Det gjev investeringsbudsjettet eit samla finansieringsbehov som fylgjer:

	ØP-24	ØP-25	ØP-26	ØP-27
Ny sum finansieringsbehov	36 087 000	24 850 982	9 050 000	6 650 000
Nytt lånebehov	11 959 000	9 212 982	5 912 000	6 012 000

Samanlikna med gjeldande økonomiplan er det ein stor vekst i 2024, og ein lita auke i 2025. Veksten i 2024 skuldast i all hovudsak allereie vedteke fullfinansiering av skulen på 20.390'. Justerer ein for den løyvinga er det faktisk ein svak nedgang i 2024. Dette skuldast at ein del investeringar på kommunehuset er flytta frå 2024 til 2025. Kommunedirektøren ynskjer å gjennomføre ein grundig kartlegging av behova til kommunehuset og Næringsbygget, også med tanke på at det vert ledig areal der biblioteket held til i dag. Før ein kjenner utfallet av den prosessen ynskjer ikke kommunedirektøren å gjere vesentlege oppgraderinger på kommunehuset. Det er også desse forskyvingane som i all hovudsak ligg bak auka i 2025.

Særleg knytt mot ny skule og nytt bibliotek er mykje finansiert frå disposisjonsfondet, men det meste anna er lånefinansiert. Trekk ein frå bruk av disposisjonsfond, sal av tomter, og ulike tilskot finn ein lånbehovet som vist i tabellen over.